

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015

Handsaming i møtet

Kurs i kontrakt- og leverandøroppfølging

Kontrollutvalet deltok før møtet på eit 2-timars kurs i «Kontrakt- og leverandøroppfølging» i regi av Deloitte. Andre frå fylkesadministrasjonen deltok også på same kurset.

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om desse sakene under eventuelt:

Ev. møte i Flåm saman med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet:

Denne samlinga er tenkt m.a. som ei evaluering av denne valperioden og skal heldast i Flåm frå lunsj til lunsj 22.6. – 23.6.15. Tema elles på samlinga kan ev. vera beredskap med fokus på t.d. brannen i Lærdal og flaumen i Flåm.

Det var semje om at kontrollutvalet ønskjer å delta på denne samlinga. Torill Vebenstad, Lars Erik Dalland, Magne Fauskanger og Randi Stang Volden kan vera deltakarar. Elisabeth Næverlid Sævik har ikkje høve til å delta.

Vedtak:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ønskjer å delta på samling i Flåm 22. – 23.6.15 saman med utvala i dei andre fylkeskommunane.

Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 24. – 25.8. 2015:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet arbeider vidare med å kombinere besøk i Bergen kommune og aktuelle fylkeskommunale einingar i Bergen i kombinasjon med besøk i Askøy kommune eller Os kommune. Det skal også leggjast opp til at samlinga skal kombinerast ned markering av at sekretariatet feirer 10 år i 2015.

Politisk organisering:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet i neste møte legg fram ei sak om å få vara i rekkefølge til kontrollutvalet frå neste valperiode.

Prisjustering sekretariatet:

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.

Kontrollsjefen orienterte om status i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.